

Samarbeidsavtale mellom

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
og
Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. Bakgrunn for avtalen

Fylkesmannen og fylkeskommunen har fleire samanfallande målsettingar og ansvarsområde som med fordel bør koordinerast. Sogn og Fjordane fylkeskommune representerer fylket som folkevald organ og skal syte for ein *”rasjonell og effektiv forvaltning av dei fylkeskommunale fellesinteresser innafor ramma av det nasjonale fellesskap”* slik det er formulert i føremålet til kommunelova og samordne det regionale utvikingsarbeidet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er statens representant i fylket og har i følgje fylkesmannsinstruksen *ansvar for å følgje opp Stortinget og regjeringa sin politikk i fylket*, men skal også *fremje fylket sine interesser og ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styresmakter*.

Ot.prp. nr 10 (2008-2009) Om lov om endringar i forvaltningsreforma mv. har forsterka behovet for samarbeid mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Dei ytre rammene for avtalen er:

- gjeldande statlege politikk slik det kjem fram av statsbudsjettet og andre styringsdokument, m.a. tildelingsbrev og embetsoppdrag frå overordna departement til Fylkesmannen
- gjeldande fylkesplan og fylkesdelplanar med vedtekne handlingsprogram
- andre vedtak i fylkestinget

2. Formålet med avtalen

Formålet med avtalen er å medverke til å nå overordna mål i fylkesplanen, som lyder: *”Oppretthalde folketal og busetnadsmønster”*. Dette skjer m.a. gjennom at vi samhandlar best mogleg, forenkler arbeidet og får gjensidig utnytting av felles ressursar og kompetanse, til beste for våre felles ansvarsområde og for ivaretaking og vidare utvikling av fylket.

3. Samarbeidsområde

Den øvste leiinga hjå Fylkesmannen og fylkeskommunen møtest med jamne mellomrom (6 gonger pr. år) til drøfting av overordna og strategiske tema, men kan også ta opp konkrete og dagsaktuelle saker som treng oppfølging eller forankring. Det blir sett opp sakliste og ført referat frå desse møta.

Samarbeidet vil ta opp strategiske problemstillingar knytt til ulike tema/faglige område og territorielle tema. I eige vedlegg er det utarbeida ei eiga liste over aktuelle faglege tema. Lista er informativ men ikkje uttømmende.

For fleire av desse tema vil det bli utarbeida eigne samarbeidsavtalar på administrativt leiarnivå.

4. Finansiering av samarbeidsområde

Hovudregelen er at partane dekker sine eigne kostnader til arbeid og reiser så lenge dette gjeld arbeidsfelt som er forankra i våre respektive styringsdokument og tildelingar.

På nokre konkrete og avgrensa område kan det vere aktuelt å leige fagkompetanse hjå kvarandre. Dette skal i så fall konkretiserast i dei detaljerte samarbeidsavtalane, både når det gjeld omfang, periode og økonomiske rammer.

5. Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld i perioden 01.01.12 til 31.12.14 og skal evaluerast årleg på leiarnivå innan utgangen av november. Det skal takast stilling til ev vidareføring av avtalen innan 01.12.13.

Leikanger 27.02.12

Anne Karin Hamre
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Åshild Kjelsnes
Fylkesordførar Sogn og Fjordane

Aktuelle samarbeidstema mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen

Samarbeidet mellom FM og FK har eit bredt nedslagsfelt som i praksis vil bli gjennomført på eit operativt avdelingsnivå, og der det etter behov vil bli utarbeida meir detaljerte samarbeidsavtalar. Ved behov for å samhandle på strategisk nivå vil ein av samarbeidsaktørane løfte opp i fellesmøte. Aktuelle tema for samarbeid vil vere:

- a) Utarbeiding og oppfølging av fylkesplanen og fylkesdelplanar
- b) Kommunale plansaker etter Plan- og bygningslova
- c) Regional planstrategi og gjennomføring / oppfølging
- d) Natur, friluftsliv, vilt- og fiskeforvaltning, miljødata
- e) Landbruk og bygdeutvikling
- f) Næringsutvikling
- g) Klima
- h) Folkehelse
- i) IKT/IT-forum
- j) Utdanning / kompetanseutvikling / FoU
- k) Kompetansefremjande tiltak for kommunane på felles område
- l) Internasjonalt samarbeid
- m) GIS, analyse, statistikk m.m. / Fylkesspegelen
- n) Innvandring / integrering